

Pressemelding, 18.juli 2014

## Hovudopptaket til høgare utdanning 2014

**Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket ut 84 810 tilbod om studieplass. Dette er 1 350 fleire tilbod enn i 2013, ein auke på 1,6 %.**

Det er i år planlagt 52 879 studieplassar, 376 fleire enn i 2013. Av 119 001 søkjarar, er 98 891 kvalifisert for minst eitt studium (+1,7 % frå 2013). Av dei kvalifiserte søkjarane har 85,8 % fått tilbod om studieplass. Dette er same prosentdel som i 2013.

Blant dei som får tilbod om studieplass, får 53 798 (63,4 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønske. Dette er ein liten auke frå 2013, kor tilsvarande tal var 51 837 (62,1 %).

- Det er gledeleg at over 53 000 søkjarar får tilbod om studieplass på sitt høgaste prioriterte ønske, seier Bente Ringlund Bunæs, dagleg leiar i Samordna opptak.

Ved årets hovudopptak blir 33 709 av tilboda gjeve til menn, mens 51 101 tilbod blir gjeve til kvinner. Dette gjev ein kvinndel på 60,2 %, det same som i 2013.

### Størst auke for teknologiske fag

I år har det vore størst auke i talet på tilbod gjeve i utdanningsområdet teknologiske fag, med 563 fleire tilbod enn i 2013. For utdanningsområdet helsefag er det gitt 391 fleire tilbod i år. I fjor var det størst auke i talet gjevne tilbod innan økonomi og administrasjon.

### Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller ventelisteplass, har frist til 26. juli med å svare. Alle må svare i nettsøknaden som ligg på [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no). Det er viktig å svare innan fristen, om ikkje misser søkjaren studieplassen.

### Ledige studieplassar

Oversikt over studium med ledige plasser blir lagt ut på våre nettsider laurdag 19.juli klokka 09:00. Da kan alle sjå kva for studium som har ledige plassar, og eventuelt starte å registrere seg med personalia. Studiene kan søkjast på frå 20. juli kl. 09:00. Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig av om dei har søkt tidligare i år.

### Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får du ved å kontakte lærestadene, sjå kontaktinformasjon på [www.samordnaopptak.no/info/nynorsk/kontakt/Kontakt-lerestedene/](http://www.samordnaopptak.no/info/nynorsk/kontakt/Kontakt-lerestedene/) eller Samordna opptak på tlf. 22 84 18 00/ 22 84 18 25/ [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no)

Rapporter om søking og opptak for hovudopptaket 2014 blir lagt ut på <http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/> klokka 10.00 fredag 18.juli.